

Slåk gjer vi det på Stokkastrand

Fordi vi ønskjer eit godt læringsmiljø med effektiv bruk av tid i ein hyggeleg atmosfære.

- Vis god orden.
- Vis god arbeidsro
- Vis god arbeidsinnsats.
- Vis godt samarbeid med vaksne.
- Vis godt samarbeid med medelevar.

Vis god orden:

Ordet **PRESIS**
må forklarast.

- Møt presis om morgonen og når det ringjer inn.
- Plasser yttertøy og skotøy på rett plass i garderoben.
- Hald orden på skolesakene dine
- Ta vare på det du eig.
- Ta vare på det skolen eig.
- Følg miljøreglane!

bøker, pennal, vekeplan,
gymtøy, skolemat, arbeidsplass,













- Blyant med spiss
- Visk
- Linjal
- Fargar
- blyantspissar



The Class of the Week

Korleis kan klassen bli det?
Det vil bli sett på **nokre** av desse punkta
kvar veke.

	Vi har blyant og visk. (+linjal for 3.-7.kl)
	Sko står på hyllene.
	Kler heng på knaggane.
	Eg hugsar å slå av lyset
	Bøkene står/ligg fint i hylla mi.
	Stolane er sette opp ved skoleslutt.
	Mjølkekartongane er skylde.
	Det er orden på fellesutstyr i klasserommet.
	Tavla er tørka av ved skoleslutt.
	Golv er moppa.

Den klassen som blir **The Class of the Week**
flest gonger, vil bli kåra til

The Class of the Year

Vis god arbeidsro:

Når du jobbar åleine

- Jobb på arbeidsplassen din.
- Jobb med arbeidsoppgåva du har fått.
- Rekk opp ei stille hand når du treng hjelp.
- Følg trafikkreglane i klasserommet
- Ha klart det du treng for å jobbe.
- Du kan be naboen høfleg om hjelp.
- Les oppgåva godt før du ber om hjelp.

Når du jobbar i lag med nokon

- Ver på gruppa di.
- Gjer din del av jobben.
- Bruk innestemme.
- Flytt deg roleg i klasserommet.



Vis god arbeidsinnsats:

for meg sjølv	i klassen	i gruppa
<ul style="list-style-type: none"> ➤ Eg gjer mitt beste for å nå måla mine. ➤ Eg viser interesse. ➤ Eg gjer leksene mine så godt eg kan. 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Eg arbeider med oppgåvene mine så godt eg kan. ➤ Eg kjem fort til ro og i gong etter friminutt ➤ Eg legg vekk alle ting som kan forstyrre 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Eg respekterer gruppa eg kjem på. ➤ Eg samarbeider. ➤ Eg viser interesse og kjem med innspel ➤ Eg er ein god lyttar og er open for andre sine forslag. ➤ Eg gjer mitt beste for gruppa sitt resultat.



Vis godt samarbeid med vaksne

- Vaksne og elevar viser kvarandre respekt.
- Følg skolen og klassen sine reglar for orden.
- Vis ansvar for tryggleiken på skolen.
- Snakk hyggeleg til andre.
- Gjer det den vaksne gir beskjed om.
- Lytt til det den vaksne seier.
- Ver fagleg aktiv i timane.
- Be om hjelp på ein stille måte.
- Vent på tur.
- Gi beskjed viss andre treng hjelp.

| Vis godt samarbeid med medelevar

- Vis respekt for at vi er ulike.
- Snakk fint til andre.
- Snakk fint om andre.
- Lytt til andre.
- Oppmuntre kvarandre til å framføre.
- La alle vere med i leik og arbeid.
- La andre sine ting vere i fred.



I GANGANE

- Vi går.
- Vi bruker innestemme.
- Vi går rett inn/ut.
- Vi følger trafikkreglane for klassen.
- Biblioteket skal berre brukast til gjennomgang etter avtale med lærar

GARDEROBE

- Heng opp yttertøy
- Set sko og støvlar på plass.



BIBLIOTEK

- Eg er stille.
- Eg låner og les bøker.
- Eg finn informasjon.
- Eg arbeider med oppgåvene mine.
- Eg legg lånte bøker i blå kasse ved innlevering.
- Eit namnekort kan hjelpe meg å plassere bøker på rett plass.
- Eg held orden.
- Eg har ikkje med mat og drikke.



PÅ ANNAN ARENA

- KJØKKEN
- MUSIKK
- KUNST OG HANDVERK

- Bruk innestemme
- Hald det reint og ryddig.
- Bruk utstyr og instrument slik du får beskjed om.
- Vis respekt for andre sine ting og rom.
- Heng sekk og klede i eigen garderobe.



REGLAR FOR GYMNASSTIKKSAL

- Me bruker innesko.
- Me set oss på benken og ventar på beskjed.
- Me er stille og høyrer godt etter når den vaksne gir beskjedar.
- Når me er i gymsalen, skal det alltid vera ein vaksen der.
- Alt utstyr skal ryddast fint på plass etter bruk.
- Me tar ikkje med oss mat i gymsalen.
- Me dusjar når me har hatt gymnastikk.
- Me feiar golvet i dusj og garderobe.




SKOLEVEGEN

- Eg bruker gang- og sykkelvegen når eg går eller sykklar til skolen.
- Eg bør bruke hjelm når eg sykklar på skolevegen.
- Eg må bruke hjelm når eg sykklar i skoletida og på SFO.
- Eg bør bruke refleks når det er mørkt.
- Eg spring ikkje ut i vegen når eg ventar på bussen.
- Eg bør vera 10 år før eg sykklar til skolen.



Reglar for uteområdet



- ⇒ Hald deg innafør skolen sitt område.
- ⇒ Skolegarden skal vere ein trygg plass for alle.
- ⇒ Vis respekt for andre sin leik.
- ⇒ Vis ansvar for skolen sine uteleiker.
- ⇒ Ballidrett: fotball i ballbingen og på grusbanen.
- ⇒ Basketball på basketballbanen.
- ⇒ Ball-i-vegg: gymsalvegg i nord.
- ⇒ Snøballkasting: gymsalvegg i sør.

Aking:

Det er berre ved snø og aking at ein får komme ned til skatebanen.

Viss ballen går over gjerdet og ut i vegen:

Eg må snakka med ein vaksen før eg kan henta han.



Friminutt

Me kan gå inn 08:25 kvar morgon

Då set me oss, finn fram det me treng til timen, og snakkar koseleg med dei andre som kjem 😊

I matpausen kan me vere inne til 11:15

Me et opp maten vår, ryddar pulten og snakkar – roleg aktivitet 😊



Kle deg godt – etter kva vêr me har

Ta med deg ting du vil leike med

Du kan låne leiker i storfri

Hugs å levere dei inn igjen
– seinast når det ringjer



I friminuttet brukar me toaletta som er ved lånekassen



Me kan ikkje gå inn igjen

i eigen garderobe etter at ein er gått ut.

Må du absolutt inn igjen, må du få lov av ein vakt først

Du har sjølve ansvar for å vere ute av klasserommet 11:15

Kontaktlærer blir varsla om du ikkje klarer dette



Ballbingen

	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
MORGON (15 MIN)	5-7	1-4	5-7	1-4	5-7
KL. 10.00 (10 MIN)	2	5	2	3	2
KL. 11.10 (30 MIN)	3	7	4	5	6
KL. 13.10 (10 MIN)		6		4	7

Elevar som ikkje oppfører seg i ballbingen eller på andre banar vil bli utvist.
NB!! Du blir utvist for ei heil veke!!

1.klasse har ballbingen fram til kl. 11.10 når dei er ute.

Reglar:

Det er ikkje lov å takle stygt. Skulder mot skulder er lov, men då må albogen vera inntil kroppen. Det er ikkje lov å «skuldra» i ryggen.

Viss du er i ballbingen, skal du vera med å spela.

Det er ikkje lov å snakka stygt eller banna.

Blir du sur, skal det ikkje gå ut over nokon andre.

Me spelar ikkje fotball på asfalten; me spelar i bingen, på grusbanen og på veggen i nord.

5.-7. kl har grusbanen måndag, onsdag og fredag.

1.-4. kl har grusbanen tysdag og torsdag.

Måndag / onsdag / fredag har:

5. - 7. kl. grusbanen og 1. - 4. kl. kråkereira

Tysdag / torsdag har:

1.- 4. klasse grusbanen og 5.- 7. kl. kråkereira

Stå fint i kø og vent på tur på tur på kråkereira. Kun 4 elevar om gongen. Me må byta etter 4 min. Stopp kråkereiret når det ringjer. Ver forsiktig med å hoppe av i fart.



Uønska eller ulovleg åtfærd:

- mobbing, vold, hærverk, trakassering, rasistiske utsagn og handlingar.
- bruk og oppbevaring av rusmiddel. §9-5
- røyking
- å ha med seg farlege gjenstandar som kan skade andre

Ved brot på skolen sine reglar skjer noko av dette:

- Du får munnleg eller skriftleg advarsel frå lærar eller miljøarbeidar.
- Du får munnleg eller skriftleg advarsel frå rektor.
- Skolen tar kontakt med heimen og snakkar med føresette.
- Du må ha samtalar med lærar eller rektor før eller etter skoletid.
- Du må utføre pålagde oppgåver før eller etter skoletid.
- Du må utføre oppgåver for å rette opp skade på skolen sin eigedom.
- Du kan bli bortvist frå klassen din resten av timen eller resten av dagen av rektor. Jfr §2-10 og 3-8
- Ulovlege gjenstandar blir beslaglagde. Dette gjeld gjenstandar som kan brukast til å skade andre.

